

MØTEBOK HALLINGTINGET

TID: 18. juni 2021

STAD: Pers Hotell, Gol

Desse møtte på Hallingtinget:

<u>Hol kommune</u> Petter Rukke Lotti Larsgard Sigrid Simensen Ilsøy Henning Solhaug Martin Grøslandsbråten	<u>Hemsedal kommune</u> Pål Terje Rørby Anne Grethe Fremgaard Petter Owesen Helene Sagabråten Norunn Rivedal
<u>Ål kommune</u> Solveig Vestenfor Jørund Li Ola Terje Oleivsgard Ivar Brevik -	<u>Nesbyen kommune</u> Tore Haraldset Bård Heio Øyvind Frekeplass Geir Olav Garthus Endre Storhaug
<u>Gol kommune</u> Heidi Granli Herbrand Jegleim Tom Rune Blakkestad Leif Norhaug Kristin Bakke Haugen	<u>Flå kommune</u> Merete Høntorp Gandrud Anette Heiplass Steinar Andre Steinarsson Kristin Gullingsrud Tor Egil Buøen

Frå rådmannsutvalet møte:

Ole Johnny Stavn Hol kommune, Hege Mørk Gol kommune, Reidun K Halland Hemsedal kommune, Henrik Skovly Nesbyen kommune, Odd Egil Stavn Flå kommune.

Forfall: Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune

Administrasjon Regionrådet

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar, Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

Frå Viken møte:

Tonje Brenna (Ap), Iselin Haugo (H), Magnus Weggesrud (Sp)
 Lasse Narjord Thue, Bjørn Siem Knudsen

Opning av Hallingtinget v/ Solveig Vestenfor – Rådsordfører

Orientering om Ungdommens distriktspanel v/ Cecilie Skrindo

Presentasjon vinnar av Innovasjonscamp 2021 ved Gol vgs, "Ungasjert:"

Helene Dørdal Nibstad, Marius Helling, Oddbjørn Kvile Gauteplass, Vetle Arnegård Kjøl

Presentasjon vinnar av Beste innovasjon 2021 ved Gol vgs, "Pantepøse"

Signe Rivedal Hjelman, Jardar Børtnes, Elias Medgard Skår, Sandra Søla Evjen

Ved gjennomgang av sakslista fremja Solveig Vestenfor forslag om å legge til ei orienterings sak.
«Partnerskapsavtale mellom Regionrådet for Hallingdal og Viken Fylkeskommune.»

Dette vart godkjent av Hallingtinget

Sak 01-21 Rekneskap 2020

Vedtak:

Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2020. Underskotet på kr. 53 487,14 vert teke frå disposisjonsfondet.

Sak 02-21 Årsmelding 2020

Vedtak:

Hallingtinget godkjenner Regionrådet for Hallingdal si årsmelding for 2020.

Sak 03-21 Strategisk plan for Hallingdal

Det var fleire representantar som tok til orde for at Strategisk plan med Handlingsprogram er så omfattande og inngripande i den kommunale drifta at ein burde utsette behandlinga, medan andre meinte ein burde behandle saka i møtet. Dette vart det votert over.

Første avstemming:

10 røyster: For å behandle saka i dag.

18 røyster: For å vedta Strategisk plan med overordna føringar og målsetingar, men vente med handlingsprogrammet til neste Hallingting.

Det kom og nokre forslag til endring på resultatmåla.

Sigrud Simensen Ilsøy fremja følgjande endringsforslag til resultatmåla:

S.10: Endre kulepunktet:

«Fleire bustader og fritidsbustader har fått fibertilknytning (fast og trådlaus)» til:

«Minimum X% bustader og fleire fritidsbustader og bedrifter har fått fibertilknytning.»

Forslaget fall: 7 støtta forslaget, 21 røysta mot

S. 11 Endre kulepunkt:

«Hallingdal har samla små, sårbare kommunale fagmiljø i større einingar.» til

«Hallingdal samarbeider hensiktsmessig om kommunale fagområde der det er utfordrande for den enkelte kommune å ha eit godt nok, eige fagmiljø.»

Forslaget vert vedteke: 17 støtta forslaget, 11 røysta mot

Heidi Granli fremja følgjande tilleggsforslag til resultatmåla:

Forslag 1: Attraktivitet og omdømme:

Hallingdal nyttar kunst og kultur som ei samfunnsbyggjande kraft og nyttar dette i utviklinga av regionens identitet og regionens kultur og opplevelsesnæring

Forslag 2: Tenesteutvikling:

Hallingdal har styrka det regionale samarbeidet i utviklinga av tilbod innan kultur og idrett.

Begge forslaga vart vedteke samrøystes

Vararådsordførar Pål Rørby og rådsordførar Solveig Vestenfor la fram alternativt forslag, som vart samrøystes vedteke:

Vedtak:

1. Hallingtinget vedtek Strategisk plan for Hallingdal med resultatmål, inkludert vedtekne endringar og tillegg. Behandlinga av handlingsprogrammet blir utsett til neste Hallingting.
2. Regionrådet får mandat til å vedta enkeltpunkt i handlingsprogrammet som det hastar med, anten fordi handlinga/tiltaket er i gang eller fordi den må inn i budsjett 2022.
3. Heile Strategisk plan for Hallingdal med handlingsprogram blir endeleg vedteke på neste Hallingting.

Sak 04-21 Sats på Hallingdal, regional omstilling.

Fylkesrådsleiar Tonje Brenna orienterte om bakgrunnen for at Hallingdal fekk omstillingsstatus. Dagleg leiar i regionrådet orienterte om status og vegen vidare.

Sak 05-21 Regionalt politiråd

Regionrådet fremja nytt forslag til vedtak:

1. Hallingtinget opprettar eit regionalt politisamarbeid/politiråd i tillegg til dagens ordning med politiråd i kvar kommune.
2. Hallingtinget ber dagleg leiar i Regionrådet og politikontakten i Hallingdal utarbeide ei samarbeidsavtale, som beskriv innsatsområde og handlingsplan.
3. Avtala skal drøftast i kommunane før den blir lagt fram på neste Hallingting.

Avstemming:

Endra forslag til vedtak vart vedteke mot 6 røyster.

Vedtak:

1. Hallingtinget opprettar eit regionalt politisamarbeid/politiråd i tillegg til dagens ordning med politiråd i kvar kommune.
2. Hallingtinget ber dagleg leiar i Regionrådet og politikontakten i Hallingdal utarbeide ei samarbeidsavtale, som beskriv innsatsområde og handlingsplan.
3. Avtala skal drøftast i kommunane før den blir lagt fram på neste Hallingting.

Sak 06-21 Toppidretsregion Hallingdal.

Vedtak:

1. Hallingtinget tek prosjektrapporten «Toppidrett i Hallingdal» til orientering.
2. Intensjonen er fortsatt å få på plass eit hovudprosjekt «Toppidretsregion Hallingdal». Dagleg leiar blir bedt om å avklare behovet for ein regional idrettskoordinator med idrettslaga i kommunane. Vidare må det avklarast kva finansieringsordningar som ev. finst, og kva rolle Olympiatoppen og Viken fylkeskommune kan ha i eit slik prosjekt. Saka skal leggast fram for regionrådet så snart den er klar.

Sak 07-21 Etablering av samferdselsutval

Det var semje om etablering av eit samferdselsutval, men forslag til ny samansetjing.

Bård Heio fremja følgjande forslag:

Alle kommunar skal vera representert i samferdselsutvalet og ein bør sikre ein mest mogeleg tverrpolitisk representasjon.

Forslaget vart samrøystes vedteke og intensjonen blir innarbeid i endeleg vedtak.

Vedtak

1. Hallingtinget ser på arbeidet med å styrke innsatsen for betre veg og bane i og til Hallingdal som ei prioritert oppgåve, der det er nødvendig med ein forsterka innsats.
2. Det blir oppretta eit eige samferdselsutval under Regionrådet for Hallingdal, som skal ha som arbeidsoppgåve å arbeide med samferdseloppgåver, etter nærare prioriteringar, gjeve av Regionrådet for Hallingdal.
3. Samferdselsutvalet skal ha følgjande samansetning:
 - Tre representantar frå Regionrådet for Hallingdal.
 - Tre politiske representantar frå dei kommunane som ikkje er representerte gjennom regionrådstilknytninga. Totalt skal det sikrast ein tverrpolitiske representasjon.
 - To representantar frå næringslivet.
 - Ein representant frå NHO og ein representant frå LO.Endring av samansetning skjer i samband med kommuneval og nytt Regionråd/Hallingting.
4. Regionrådet for Hallingdal utformar mandat og vel representantar til samferdselsutvalet
5. Samferdselsutvalet rapporterer direkte til Regionrådet for Hallingdal etter nærare fastlagte retningslinjer.
6. Regionrådet for Hallingdal stiller administrativ ressurs til disposisjon for samferdselsutvalet. Her er det ei målsetting etter kvart å kunne finansiere ei 100% stilling.
7. For perioden fram til neste kommuneval (2023) vil samferdselsutvalet i Regionrådet for Hallingdal vera samansett av:
 - Heidi Granli, ordførar Gol kommune, leiar
 - Petter Rukke, ordførar Hol kommune, nestleiar
 - Pål Rørby, ordførar Hemsedal kommune
 - Espen Karlsen, representant Ål kommune
 - Representant Nesbyen kommune
 - Representant Flå kommune
 - Roger Espeli, adm.dir. Geilogruppen, styreleiar Visit Geilo AS
 - Anders Buchardt, styreleiar og medeigar AB Invest A/S, eigar Fyri Resort i Hemsedal

- Nina Solli , regiondirektør NHO Viken Oslo
- Jan Petter Gundersen, regionnesteiar LO Viken Oslo

Sak 08-21 Eventuelt

Knut Arne Gurigard orienterte om Status for arbeidet med Nortura og Status Ringeriksbanen

Sak 09-21 Orienteringssak.**Partnerskapsavtale mellom Viken fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal.**

Saka er til behandling i alle kommunar i dalen og er ei formalisering av samarbeidet mellom Viken og Regionrådet. Hemsedal, Gol og Ål kommunar har hatt saka oppe i kommunestyra. Ordførarane i Flå, Nesbyen og Hol orienterer om partnerskapet i sine respektive kommunestyre innan 2. juli 2021.

Hallingdal, 22. juni 2021

Jan Olav Helling
Dagleg leiar